

BKK NETT AS  
Postboks 7050  
5020 BERGEN

Vår dato: 14.05.2019  
Vår ref.: 201902704-2  
Arkiv: 311  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Silje Aakre Solheim  
22959544/saas@nve.no

## NVE si vurdering av høgspenkabel langs E39 i Romarheimsdalen i Lindås og Masfjorden kommunar i Hordaland

NVE syner til førespurnad av 4.3.2019.

### Omtale av plan for tiltaket

BKK Nett AS skal legge ny høgspenkabel langs E39 i Romarheimsdalen. Målet med tiltaket er å knyte eksisterande høgspennett gjennom Romarheimsdalen saman med kraftstasjonen på Matre. Dette vil opne opp for tilkopling av nye kraftverk, og det vil gje ei sikrere forsyning mot Eikefet. Høgspenkabelen skal leggest langs E39 frå Sæterlia i nord til eksisterande nettstasjon 101036 Nipetunellen. Kabelen skal leggest i røyr.

Tiltaket skal gjennomførast innanfor gjeldande områdekonsesjon til BKK Nett AS. Traseen for kabelen vil i hovudsak gå parallelt med vassdraget. Det vil bli direkte berøring med vassdraget i Nipetjørn, der det er planlagt å legge kabelen gjennom tjernet.

Traseen vil ligge med litt ulik avstand til elva. Etter at kabelen har komme på land frå den sørlege enden av Nipetjørn vil kabelen komme nær vassdraget i om lag 120 m. Her vil ein på eit punkt komme så nær som 1,5 m frå vassdraget. I resten av traseen vil avstanden til vassdraget vere 6 m eller meir.

Gjennom tjernet skal høgspenkabelen leggest i PE-røyr som vert fylt med vatn til dei søkk. Det skal også leggest eit fiberløyr og dette må det leggest søkke på. Inn og ut av tjernet må det gravast ei grøft i vassdraget. Ved å grave grøfta fram mot tjernet ferdig, før ein opnar mot tjernet, vil det bli lite avrenning til vassdraget. Det er berre inn og ut av tjernet det er aktuelt å grave i vassdraget.

Det er planlagt å utføre arbeidet i sommarhalvåret 2019.

### NVE si vurdering

Det skal leggest ny høgspenkabel langs E39 i Romarheimsdalen. Denne vil i store delar av traseen gå parallelt med Romarheimselva. I størstedelen av traseen vil ein halde ei avstand på 6 m eller meir frå vassdraget. På om lag 120 m sør for Nipetjørn vil ein komme nærare vassdraget. Kabelen skal også leggest gjennom Nipetjørn.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

#### Hovedkontor

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

#### Region Midt-Norge

Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

#### Region Nord

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

#### Region Sør

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### Region Vest

Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

#### Region Øst

Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

Sidan kabelen skal leggest langs E39 vil den gå gjennom eit område som allereie er prega av inngrep og menneskeleg påverknad. Det er viktige friluftsområde på begge sider av E39, men etter det NVE kjenner til ingen merka stiar langs Romarheimselva. Tiltakshavar skriv at frå busstoppet på Olsbotn går det ein merka sti til Kalvedalshytta og at kabeltraseen vil krysse denne. Sjølvlegginga av kabel vil kunne gjere det noko vanskelegare for turgåarar å komme seg fram til stien under anleggsperioden, men tiltakshavar skriv at sidan dei legg røyr vil det ikkje vere open grøft i lang tid. NVE meiner dette er akseptabelt, og kan ikkje sjå at friluftinteresser vil bli påverka når anleggsarbeidet er avslutta.

Det største inngrepet i forhold til vassdraget er legging av kabel gjennom Nipetjørn. Tiltakshavar har beskrive korleis dei vil unngå tilslamming av vassdraget, noko NVE vurderer som positivt. Vi føreset at graving i vassdraget vert avgrensa så mykje som råd, og at områda der leidningen går inn og ut av vassdraget vert rydda og tilbakeført så godt det let seg gjere etter avslutta anleggsdrift.

Eit søk i Artskart og Naturbase den 7.5.2019 viser ingen registreringar av raudlista artar eller naturtypar som vil bli påverka av det planlagde tiltaket. Romarheimselva er anadrom, men anadrom fisk går ikkje så langt som til Nipetjørn. NVE meiner at med tilgjengeleg kunnskap frå ulike databasar og egne erfaringar er kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldlova § 8 oppfylt. Dette med utgangspunkt i at det planlagde tiltaket er avgrensa og potensialet for skade på viktig naturmangfald etter NVE si vurdering er lite. NVE kan ikkje sjå at allmenne interesser knytt til biologisk mangfald blir negativt påverka av det planlagde tiltaket.

Tiltakshavar skriv at det er lite kantvegetasjon i området. NVE minner om vassressurslova § 11 som seier at det skal oppretthaldast eit vegetasjonsbelte mot vassdrag. Berre vassdragsmyndigheita kan i spesielle tilfelle gje dispensasjon frå dette kravet. Vassdragsmyndigheita i dette tilfellet er Fylkesmannen i Vestland.

Tiltakshavar har vurdert skredfare og har brukt geolog i planlegginga. NVE har ingen ytterlegare merknadar til dette temaet.

**NVE vurderer planane slik dei er lagt fram til ikkje å krevje noko vidare handsaming etter reglane i vassressurslova.**

### **NVE si rettleiing**

Vassressurslova har fleire alminnelege reglar om vassdrag. Desse er gjeve i vassressurslova kapittel 2, og gjeld for alle tiltak i vassdrag. NVE syner spesielt til plikta til å vere aktsam i vassressurslova § 5, som gjev pålegg om at vassdragstiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.

Vi gjer merksam på at dersom planen vert endra eller det viser seg at allmenne interesser kan bli påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. Planen bør i så tilfelle sendast til NVE for ny vurdering. Ved utførte tiltak som er konsesjonspliktige etter vassressurslova, vil NVE med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting. Iverksetting av konsesjonspliktige tiltak utan nødvendig løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi minner om at tiltaket må avklarast i høve til anna relevant regelverk, for eksempel plan- og bygningslova og lakse- og innlandsfisklova. Tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper for private interesser som følgjer av tiltaket.



Med helsing

Gry Berg  
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim  
rådgevar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND  
Hordaland fylkeskommune  
Lindås kommune  
Masfjorden kommune